

Til naboar, offentlige instanser og interesseorganisasjoner

VÅR REF:

Bergen, 18.12.2024

## VARSEL OM PLANOPPSTART Detaljreguleringsplan for produksjonsanlegg for hydrogen

På vegne av HyFuel AS varslar Multiconsult oppstart av arbeid med Detaljreguleringsplan for produksjonsanlegg for hydrogen ved Fjord base, i Kinn kommune, jfr. kart figur 1 under. Dette varselet er gitt i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8. Planen blir utarbeidd som detaljreguleringsplan, sjå plan- og bygningslova § 12-3.

### Kvifor vert reguleringsplanen utarbeidd


Formålet med planen er å byggja eit hydrogenanlegg for produksjon av hydrogengass og flytande hydrogen. Gjeldande områdeplan må endrast fordi den ikkje er avklart for dette konkrete tiltaket.

Hydrogen til drivstoff vert produsert med vatn og straum, brukere er skip som heilt eller delvis kan nytte komprimert hydrogen. Tiltakshavar har fått støtte gjennom Enova sitt program «hydrogenproduksjon til maritim transport 2027», og omsøkt anlegg vert eit bidrag til avkarbonisering av den maritime verksemda. Anlegget vil bli ein del av Noregs infrastruktur for hydrogenbunkring.

Kontainerane vert fylt og mellomlagra på utskipingsområdet. HyFuel planlegg å bruke kai på Fjordbasen for kontainerbytte. Planforslaget skal leggja til rette for del av ny veg til Rota, produksjonsanlegg for hydrogen, fyllestasjon og lager for hydrogenkonteinar.

### Planområde

Planområdet ligg lengst vest på Fjord base sitt område, heil ut mot fjorden. Det er ein del av eit større industriområde, se kartutsnitt under.



Figur 1 Oversiktskart. Planområde er merka med gul sirkel

Førebels plangrense skal sikre nok areal til tomta og omkringliggjande omsynssoner knytt til brann- og eksplosjonsfare. Planområdet kan verte mindre om trong for omsynssoner kan reduserast. Det blir avklart i planfasen.



Figur 2 Førebels plangrense vist med stipla strek.

Planoppstart blir kunngjort på Kinn kommune sine nettsider, <https://kinn.kommune.no/>. Her vil du finne referat frå oppstartsmøte, Planinitiativ og forslag til planprogram.

## Konsekvensutgreiing

Tiltaket fell inn under § 6 planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding i forskrift om konsekvensutredning.

Produksjon av hydrogen kjem inn under Vedlegg I, pkt. 6b) i Forskrift om konsekvensutredning. «Integrerte kjemiske installasjoner, dvs. anlegg for fremstilling i industriell målestokk av stoffer ved hjelp av kjemiske omdanningsprosesser, der flere enheter ligger ved siden av hverandre og funksjonelt sett hører sammen, og som er beregnet på: b) Fremstilling av uorganiske basiskjemikalier.»

Det kjem fram av forslag til planprogram at planen skal greiast ut for temanaturmangfald og friluftsliv.

## Informasjonsmøte og vidare prosess

Det vert det arrangert eit informasjonsmøte i **januar 2024**. Dersom du ynskjer å delta, send e-post adressa di til underteikna. Merknader og opplysningar til planoppstart og til planprogram, kan sendast til: [solveig.renslo@multiconsult.no](mailto:solveig.renslo@multiconsult.no). Merknadsfrist er **13.2.2025**.

Vi svarar ikkje direkte til merknadstillar, merknadene vert kommentert og følgjer saka vidare til den politiske handsaminga. Plandokumenta blir sende til Kinn kommune for politisk handsaming i løpet av våren. Kommunen avgjer om planen skal leggjast ut på høyring, høyringa blir kunngjort som dette.

Kinn kommune har i samsvar med plan- og bygningslova § 4-2 vurdert at planen skal konsekvensutgreiast. Ta gjerne kontakt med Solveig Renslo på e-post eller telefon 90 167 167 dersom du har spørsmål.

Med vennlig hilsen

**Multiconsult** ved Solveig Renslo